



## MEDLEMSKAP BULKEN IL 2018

Det er på tide å fornya medlemskapet i idrottslaget. Alle som deltek i aktivitet i regi av idrottslaget, skal betala medlemspengar. Medlemskapet gjeld for alle gruppene i laget, så både fotball, hopp og langrenn, samt idrettsskule er inkludert. Ved betalt medlemskap er ein forsikra i aktiviteten ein deltek i gjennom idrottslaget.

### Medlemskapet kostar:

<b>Familie:</b>	<b>kr 400</b>
<b>Aktiv medlem under 16 år</b>	<b>kr 150</b>
<b>Aktiv medlem over 16 år</b>	<b>kr 200</b>
<b>Støttemedlemskap</b>	<b>kr 100</b>

Alle idrettslag er no pålagde å ha elektroniske medlemslister. Me har våre gjennom Idrettsforbundet sitt system, Minidrett og Klubbadm. Me har diverre ikkje heilt oppdaterte lister enno, men me har som mål å få det til i løpet av året. Me set pris på at flest mogeleg av dei som betalar medlemspengar, også går inn på Minidrett og sjekkar at ein ligg i medlemslista, evt legg seg inn som ny medlem. Framgangsmåten er den same som påmelding til langrenn, og de finn oppskrifta på langrennsida på heimesida vår, bulkenil.no. Legg inn all info som vert etterspurt, og for dei som betalar familiemedlemskap, er det viktig at alle i familien er registrert. For seinare år er det planen at medlemskap og andre avgifter frå idr.laget skal betalast gjennom Minidrett. For dei som evt. ikkje ynskjer denne løysinga, skal me hjelpa til med andre ordningar. Men, me må ha fødselsdato og e-postadresse for å få medlemskapet registrert. Før difor dette på ved betalinga.

**Betal medlemspengar til kontonr 3480 16 10791**

